

## Merknader og innspel til offentleg ettersyn

I samband med offentleg ettersyn av planarbeidet er det til saman motteke 18 merknadar. Under følgjer eit samandrag av merknadane med kommentar frå tiltakshavar og planmynde.

SVV må vise til aktuelt plankart under kvar kommentar

Nr.	Frå	Innspel og merknader	Kommentarar	Aktuelt plankart
Innspel frå offentlege høyringspartar				
0	Meland kommune, VA. 18.12.2018	1. Ber om at det blir sett av areal til kommunal pumpestasjon ved Litlebergen nedanfor fylkesvegen mot fjorden	1. Forslagsstillars forslag er løyst i plankart R003, og ein har lagt inn areal til pumpestasjon ved Litlebergen.	R003
1	Austebygda fritidspark. 27.1.2019	1. Ber om at gnr. 27. bnr. 11 og 13 nyttast som riggplass i samband med veganlegget, og at området vert tilrettelagd med terrengutjamning for seinare bruk.	1. Innspelet er vurdert og tatt inn i planen. Arealet på plankart 6 er lagt inn som idrettsformål, med føresegn som opnar for å forlate arealet utan tilbakeføring etter anleggsslutt.	R006
2	NGIR 16.1.2019	1. Kvar husstand har rett til å setje fram 2 dunkar for tømning kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal til renovasjon. Bør vurderast moglegheit for nedgravne avfallsløysingar. Tilkomstvegar til hentestadar må ha tilstrekkeleg breidde, og dimensjonerast for akseltrykk for renovasjonsbil. Det må vere moglegheit for å snu lastebil, eller vera gjennomkøyning ved hentestadane. Leikeplass må ikkje liggje i nærleiken av hentestad. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke og verte brøyta når det er snø og is.	1. Vert teke til orientering. Fylkesvegen og dei kommunale avstikkarane vert brøyta. Henteplassane som ligg på privat grunn vert ikkje systematisk brøyta. Det er ikkje naturleg i dette planarbeidet å legge til rette for nye renovasjonsløysingar.	Alle
3	Mattilsynet 10.1.2019	1. Planen tek mange gode grep, og Mattilsynet har ingen særskilde merknadar.	1. Vert teke til orientering	
4	Hordaland fylkeskommune 15.02.2019	KULTURMINNE OG-MILJØ: Varslar motsegn til planen angående kulturminne AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE: 1. Automatisk freds kulturminne, inkludert 5 meters sikringszone, Askeladden id. 151124, skal markerast som omsynssone d, sosi-kode H730, området skal ha rutenettskravur, jf. pbl § 11-8. 2. Område vist som o_LNA må utvidast i nord, og plangrensa må utvidast i aust, slik at heile det automatisk freds kulturminnet, med tilhøyrande	1. Ein har hatt dialogmøte med fylket, og teke hand om innspel, jamfør avgrensa høyring og forslag til 2. gongs handsaming. 2. Teke til følgje. Plangrense er utvida. 3. Omsynssone er utvida i samsvar med innspel på plankart R001, med tilhøyrande føresegner, sjå §8.5 og §8.6. 4. Potetkjellarar/jordkjellarar er skildra i planomtale i kapittel for kulturmiljø og	R001, R003, R004 R005

		<p>omsynssone vert inkludert, vist på figur i vedlegg til merknaden.</p> <p>3. Omsynssone H570_2 må utvidast slik at den omfattar heile området o_LNF, inkludert utviding i nord og aust.</p> <p>NYARE TIDS KULTURMINNE:</p> <p>4. Ber om at omsynssone H570 vert teikna rundt jordkjellar på gnr 27 bnr 25, SEFRAK nr. 1256-0203-047</p> <p>Ber om at potetkjellar på gnr 26 bnr 5 anten blir teke med inn i planen med omsynssone, eller at planomtalen vert skriven om med presisering på at den ikkje vert råka.</p> <p>5. Rår til at omsynssone H570 vert lagd til på «Storaløa» SEFRAK 1256-0203-002 og 1256-0203-001 som no ligg som to separate bygningar på 26/1 og 26/5 begge vert teke med i planen, at begge vert trekt ut av riggområdet, og at det blir lagt inn omsynssone H570 rundt dei</p> <p>6. Rår og til at «Spionhuset» på gnr 26 bnr 16 SEFRAK- 1256-0203-016 og vert lagt inn med omsynssone H570 med tilhøyrande føresegn</p> <p>7. Kjem med tilråding om spesifikke endringar og suppleringar av føresegnene. Ber om at dei einskilde omsynssone i planen vert nemnast spesifikt i føresegnene.</p>	<p>kulturminne, og har fått omsynssone H570_1 og H570_3 på plankart R004 og R005.</p> <p>5. Gamle «Storaløa» er skildra i planomtale i kapittel for kulturmiljø og kulturminne, og har fått omsynssone H570_5 på plankart R003.</p> <p>6. Spionhus er skildra i planomtale i kapittel for kulturmiljø og kulturminne, og har fått omsynssone H570_4 på plankart R003.</p> <p>7. Delvis teke til følgje, føresegn er oppdaterte.</p>	
5	SVV	1. Ingen særskilde merknadar	1. Vert teke til orientering	
6	NVE	<p>1. NVE har hatt plan på ettersyn tidlegare, utan å gi tilbakemelding.</p> <p>2. Høgspenninga som kryssar veg må ha omsynssone med kode 740, ikkje 370 som ein no har nytta.</p> <p>3. Store delar av vegen ligg innanfor aktsemdkart for skred, i hovudsak snøskred, men aktsemdkartet viser også eit område for jord og flaumskred i eit bekkelaup ved Sunde . Dette er ikkje lagt inn i plankart og ROS-analysen er svak på punktet med skredfare i bratt terreng.</p> <p>4. Ynskjer at denne sikrar at utbygging av sideareal skjer med tilstrekkeleg tryggleik mot skred, og at ein derfor kontrollerer underliggende planar for i kva grad desse tek omsyn til skredfare.</p> <p>5. Veg kryssar mindre bekkar. I føresegn §6.5 er det fastsett at røyr skal dimensjonast med 50 % klimapåslag. I §8.3 står det at stikkrenner inntak og overvassleidningar</p>	<p>1. Vert teke til orientering.</p> <p>2. Vert teke til etterretning, og er endra i plankart og i føresegn.</p> <p>3. og 4. Ein har ikkje vurdert faren for snøskred i ROS-analyse, fordi aktsemdkart for snøskred i liten grad tek omsyn til klima, og i aktuelt område i Alver kommune er det sannsynet for større snøfall svært lite. Dimensjonerande snømengde for hus i området er 1,5kN/m<sup>2</sup>. I tillegg er det tett skog på området som ikkje vert teke omsyn til i NVE sine aktsemdkart. Ein har derfor ikkje lagt inn dette som aktsemdsområde i plankart, men ein har lagt inn ein generell føresegn kor ein må vurdere sikring mot fjell, jord og snøras som ein del av byggeplan for veganlegg. Føremålet med reguleringsplanen er ikkje bustadbygging, og areal med formål for</p>	R002 R003 R005 R006

		<p>skal dimensjonerast etter krav i Statens vegvesen sine handbøker, inkludert klimapåslag. Påpeiker også at ein har nytta H320 på ein uheldig måte. H320 flaumfare skal nyttast til å markere fareområde, dvs. areal som ikkje stettar TEK17 sine krav til tryggleik mot flaum før utbygging, og sona skal syne areal kor det er naudsynt med risikoreduserande tiltak ved utbygging for å unngå flaumskadar.</p> <p>6. Føresegn bør setje krav om å legge til rette for reetablering av kantvegetasjon langs bekkeløp kor ein gjer inngrep, jf. vassressurslova §11.</p>	<p>bustad er enten bustadeigedom i dag, eller regulert til bustad i anna plan. Bustad formålet er tatt inn i denne planen for å sikre areal til anleggsgjennomføring.</p> <p>5. §8.3 som omtalte H320 Flaumfare er teke ut av plankart og føresegn. Ein har ikkje planlagt utbyggingsområde i strid med TEK17 i planområdet. §6.5 kor ein har skildra 50 % klimapåslag for stikkrenner behaldast.</p> <p>6. Teke til følge. Lagt inn eige avsnitt om dette i §6.5.</p>	
<b>Innspel frå private høyringspartar</b>				
7	Sundet utvikling AS 19.2.2019	<p>1. Presiserer viktigeita av framdrift i prosjektet, og samordning med råka partar i utviklingsperioden - mellom anna angående avlaupshandtering og massehandtering. Sundet utvikling kan vere mottakar av overskotsmassar.</p> <p>2. Er negativ til framlegget om offentleg P-plass/turparkering og anbefaler heller P-plass oppe i lia på gnr 26 bnr 2 i staden for.</p> <p>3. Sti mot vest i plankartet for Sundet bør samordnast i samband med vegutviklinga.</p>	<p>1. Det er fleire tilhøve ved Sundet og Midtsundet som er uavklart og i dette tilfellet er kommunen rette instans for dialog. Blant annet gjelder dette reguleringsstatus og byggesakshandsaming, VA</p> <p>2. Turparkering er flytta sør for fylkesveg slik som grunneigar ynskja. Vist i plankart R005.</p> <p>3. Tilpassing mot sti vert lagt inn i reguleringsplan, jamfør plankart R005.</p>	R005
8	Aud Sølvi Fosse Drengenes 14.02.2019	<p>1. Ynskjer opning i rekkverket for bevaring av dagens sti ned til gnr 25 bnr 11 og 63.</p> <p>2. Ynskjer og ivaretaking av fellesareal for gnr 25 bnr 11 og 16</p>	<p>1. Gangtilkomst til gnr 25 bnr 11 og 63 vert haldt open. Bnr 16 ligg utanfor tiltaksområde for vegplanen.</p> <p>2. Grunnerverv og oppmåling, både på fellesareal og anna, følgjer eigen prosess etter vedteken reg.plan.</p>	R002
9	Bjørn Atle Øksnes	<p>1. Føreslår å trekkje P-plassen i Hatleberget lenger i sørleg retning, at den vert utvida, og at det vert teke omsyn til framtidige P-plassar for gnr 25 bnr 125, og tilkomst til naust og sjøline for gnr 25 bnr 79.</p> <p>2. Ynskjer inntil 8 P-plassar i enden av noverande parkering mot Fossesjøen.</p>	<p>1. Felt f_SPA i vegplanen er redusert i høve gamal reguleringsplan frå Hatleberget til Skarpeneset, grunna grunntilhøve. Kommunen opplyser at gangsti ned til naustet er byggesakshandsama og godkjent tiltak. SVV teiknar inn tursti frå kant på f_SPA til plangrensa.</p> <p>2. Grunna godkjent tursti er parkeringsarealet noko redusert.</p>	R002, R003.
10	Fiskarlaget Vest	<p>1. Merknaden påpeikar vern av sjø og fiskeområder, og at ein må unngå utslepp til sjø.</p>	<p>1. Problemet gjeld i hovudsak i anleggsfasen. Avbøtande tiltak vil gjennomførast i anleggsfasen for å unngå utslepp til sjø. Ein skal utarbeide</p>	

			YM-plan før anleggsstart, jamfør føresegn §3.1.	
11	Kystverket	1. Ingen merknadar	1. Vert teke til orientering	
12	Knut og Torill Aase 12.1.2019	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Etterlyser bygd garasje på kartet og opplyser at einaste gode tilkomst er den som er i dag.</li> <li>2. Ynskjer gangstillkomst og gangfelt mellom våningshus og driftsbygning.</li> <li>3. Negativ til framlegg om flytting av avkøyrsløp.</li> <li>4. Ynskjer bevaring av bøkehekk</li> <li>5. Etterlyser støydemping både for våningshuset og driftsbygningen</li> <li>6. Undrar på om det no er mogleg å bygge terrasse ein tidlegare har søkt om.</li> <li>7. Ber om fartsreduksjon til 40 km/t</li> <li>8. Anbefalar tunnel forbi det sentrale Litlebergen.</li> <li>9. BKK har lova å legge kabel i staden for høgspent i området, ber om at BKK bli mint på dette.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Grunnkart er oppdatert, og merknad tas til følgje. Dagens åtkomst oppretthaldast, jamfør nytt plankart.</li> <li>2. Teke til følgje. Oppmerking av gangfelt er ikkje ein regulerings sak, men det er lagt til rette for kryssing i same område som i dag.</li> <li>3. Teke til følgje etter avgrensa høyring jamfør oppdatert plankart R003, og åtkomst ligg no mellom løer som tidlegare.</li> <li>4. Grunnerverv og erstatning av hekk/vegetasjon vert gjennomført som eigen prosess etter vedteken reguleringsplan.</li> <li>5. Støytiltak vil verte vurdert etter gjeldande retningsliner T-1442</li> <li>6. Nye tiltak må vurderast i eigen byggesøknad.</li> <li>7. Skilting av fart inngår ikkje i planarbeidet, men kjem i byggeplanfase, og må godkjennast av skiltmynd.</li> <li>8. Tunnel er ikkje aktuelt i dette området i høve Nordhordlandspakken sine prosjektmål og finansiering av tiltaka.</li> <li>9. BKK har ikkje gjeve innspel til dette planarbeidet om kabel og trafokiosk.</li> </ol>	R003
13	Roald og Eli Moldekleiv 7.2.2019	1. Negativ til stenging av tilkomst	1. Vert teke til følgje. Tilkomst vert teikna om i planen og vert oppretthalde.	R004
14	Arvid A. Fosse 12.2.2019	1. Bekymra for støy	1. Verte teke til orientering. Støytiltak vil verte vurdert etter gjeldande retningsliner T-1442 for bustader innanfor planområdet.	
15	Håkon Aase og Kristine Fluge 16.2.2019	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Planen legg opp til ei vegbygging med generelt for store dimensjonar/for høg standard. Planen går gjennom tunet deira, og dei meiner dimensjon på utbygging ikkje står i samsvar med dette.</li> <li>2. Meiner landskapet vil få store visuelle endringar ved utviding av vegen i den målestokken forslagsstillar legg opp til.</li> <li>3. Er bekymra for gardsdrift gjennom byggeperiode – kan ikkje sjå at ein i tilstrekkeleg grad har tatt omsyn til dette i planarbeidet.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Hordaland fylkeskommune planlegg ein standard på veganlegg i samsvar til gjeldande vegnormalar, og i området gjennom gardstun er det areal satt av til gong-/sykkelveg som utgjer storparten av utviding. Moldekleiv er eit område med planlagt utvikling, og krav til oppgradering av veg er nødvendig både med tanke på framtidig trafikkauke og trafikksikkerheit.</li> <li>2. Ein har ikkje vurdert andre alternative plasseringar av veganlegg forbi Litlebergen. Terrenget gjer at ein ikkje</li> </ol>	

		<p>4. Meiner planen har for stor dimensjon på vegen og på gang- og sykkelanlegget og for store landskapsinngrep. Òg med tanke på større perspektiv jf. Nordhordland som biosfære med særskild verdi.</p> <p>5. Ber fartsreduksjon og fysisk fartsdemping gjennom gardstunet. I tillegg må det leggest til rette for kryssing for buskap.</p> <p>6. Negativ til framlegg om P-plass/turparkeringa nedanfor Krossnesfjellet. Meiner publikum kan nytta eksisterande P-plassar i nærleiken (Betel og andre).</p> <p>7. Ynskjer bevaring av to tørrmurar Jekteviken og Litlebergen.</p> <p>8. Ynskjer avgrensing på anleggsdrift og -tidspunkt på begge sider av vegen. På vinterstid nyttar ein open dør ut mot beiteområdet, og ein ser ikkje at det er mogleg om dette arealet vert nytta som rigg/anleggsområde i byggjeperioden.</p> <p>9. Plan legg opp til ny tilkomst til 326/25 og stenging av eksisterande, påpeikar at de må ha tilkomst for traktor til stengd avkøyring. Ynskjer avkøyrslø mellom to driftsbygg oppretthalde.</p> <p>10. Meiner dei vert råka i form av mangel på beiteområde og mindre vinterfór.</p>	<p>ser det som mogleg å flytte veganlegg andre stadar, og ein har ikkje vurdert tunnel grunna kostnadar med tunnel. På grunn av bratte skråningar vil ein få relativt store inngrep med store skjeringar og fyllingar langs veganlegget. Grunna trafikktryggleik for dagens trafikk, samt framtidig auka gong- og sykkeltrafikk, meiner forslagsstillar at denne planen har ein positiv samfunnsnytte total sett. Tekniske teikningar med tverrprofil med meir fylgjer planforslag. Areal til GS-veg langs eksisterande veg i bratt sideterreng vil krevja noko areal. Ein har forsøkt å finne gode løysingar som også er mogleg å byggje utan for store inngrep i terrenget.</p> <p>3. Vurdering av tiltaka sin påverknad på landskap og nærmiljø inngår i planarbeidet. Ein har forsøkt å minimera inngrep i dyrka mark spesielt i planarbeidet, samtidig har ein har fokus på tilbakeføring av jordbruksland, sjå føresegn §6.4 som omhandlar arbeid på jordbruksareal. Erstatning for tapt avling vert teke gjennom grunnerverv i tråd med gjeldande regelverk.</p> <p>4. Ein har i planarbeidet hatt vurdering av naturmangfald av biolog hos NNI – rapport frå dette er lagt ved plandokumenta. Ein kan ikkje sjå at dette tiltaket i seg sjølv spesielt øydelegg Nordhordaland sin biosfære. Ved å leggje til rette mjuke trafikantar langs fylkesvegen, vil det være mogleg for fleire å ferdast frå kulturminnet på Fosse, via Spionhuset ved Litlebergen, til kulturlandskapet på Sunde.</p> <p>5. Skilting av fart inngår ikkje i planarbeidet men kommer på byggeplan og må godkjennast av skiltmynde.</p> <p>6. P-plass / turparkering er teke inn etter ynskje frå kommunen. Areal til parkering er flytta til sørsida av fylkesveg etter ynskje frå grunneigar, og areal til parkering er redusert.</p> <p>7. Natursteinsmur i Jekteviken vil verta vurdert av geoteknikar i byggjefase. Natursteinsmur ovanfor Litlebergen er utanfor planområdet – eventuelle</p>	
--	--	---	--	--

			<p>omsyn ved bygging av veganlegg blir handtert i byggeplan.</p> <p>8. Det er teke med mykje av eigedommen for å leggje til rette for midlertidig arealbeslag utjamning av landbruksarealet på kvar side før vegarbeid vert avslutta. Løysing for vinterdrift skal løysast i byggeplan gjennom rigg- og marksikringsplan, etter føresegn §3.6.</p> <p>9. Avkøyrsløse er endra tilbake til dagens løysing i nytt forslag. Sjå plankart R003 og R004</p> <p>10. Grunnerverv vert ein eigen prosess etter vedteke reguleringsplan, og det vert då laga avtale om erstatning. Erstatning vert etter Fylket sine rutinar utbetalt til grunneigar for kvart råka bruk.</p>	
16	Bente Håtuft 16.2.2019	1. Etterlyser tilkomst til gnr 327 bnr 104	1. Tilkomst er regulert med pil i plankartet og vert oppretthaldt. Spissen inn på eigedommen er areal for frisiktsone i avkøyrsløse.	R006
17	Bergen og omland hanvevesen 18.02.2019	1. Har ingen merknader til planen.	1. Merknad motteke.	
18	Rutn Synnøve Røvik-Larsen	1. Svært negativ til riving av fritidsbustad. Ynskje om alternativ trasé for gs-veg.	1. Ein alternativ trasé har ikkje vore mogleg å få til, og bygningen må diverre rivast. Dialog og erstatning vert teke i grunnervervsfase.	R002